

Oppsummering innspel - planoppstart

Plannamn	Detaljregulering for Djupevika industriområde
Plan-ID	(1439) 201506
Saksnummer (Nordplan/kommune)	15290
Utarbeidd av	May-Britt Drage Bakke
Datert/revidert	10.05.2017

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Fjordenes Tidende avis og på kommunen si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var sett til 29.01.2016. Det kome inn 6 innspel. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er oppsummert slik:

	Dato/avsender/gbnr	Oppsummert innspel	Nordplan sin kommentar
1	05.01.2016 Harald Kvalheim 112/5	Eigar av industrianlegget i nordenden av planområdet, samt område som strekker seg sørover frå fabrikkannlegget til og med ein liten holme som er del av planområdet. Kvalheim ønskjer ikkje at disponeringa av deira andel av området skal bli skadelidande i forhold til Mermaid Holding AS sine planlagde tiltak. Kvalheim ønsker å legge til rette for flytekai for småbåtar frå sin eigedom.	Nordleg del av planområdet, som inngjekk i Kvalheim sin eigedom, er teke ut av planen. Ein opnar ikkje for småbåtanlegg eller fylling i sjø innanfor Kvalheim sin eigedom og vi meiner planlagde tiltak ikkje vil gje negative konsekvensar for tilgrensande eigedom i nord.
2	Ikkje datert brev, motteke i innspelperioda 112/6 og 10 Torstein Holsvik v/ Frøy Vest AS	Innspel til varsla planoppstart. Sjå vår kommentar til høgre.	Ved kunngjering planoppstart mottok vi merknad frå Frøy Vest AS ved Torstein Holsvik. Denne merknaden har blitt trekt og Holsvik har ved epost datert 09.05.2017 til Nordplan gjeve tilbakemelding på at tidlegare innsendt dokument kan vi sjå bort frå i det vidare arbeidet.
3	11.01.2016 Kystverket	Planområdet rører ikkje ved hovud- eller bilei, og vert dimed ikkje vurdert å ha særleg påverknad på framkomelegheit eller sikkerheit i sjøområdet. Minner på at alle tiltak i sjø er søknadspåttige etter hamne- og farvasslova. Kystverket har ingen merknader til oppstart av reguleringsplan for Djupevika industriområde, men ønskjer å få tilsendt planen på høyring når denne føreligg.	Merknader er teken til følgje.
4	28.01.2016 Fiskeridirektoratet	Viser til NGI-rapport «Kartlegging av forurensing i utvalgte småbåthavner i Norge» og brev frå Klima- og forurensingsdirektoratet (Klif). Klif rådar i sitt brev at kommunane legge inn føresegnar i reguleringsplanar om å legge fast dekke (asfalt/betong) og	Merknaden er delvis teken til følgje. Vi har ikkje sett krav om at det skal vere fast dekke og sedimenteringskummar, men det er sett krav knytt til forureining i føresegnene. Det er i føresegnar sett

		<p>sedimenteringskummar der det skal spylast båtar, eller der båtar skal pussast/skrapast. Vidare viser Fiskeridirektoratet til råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast. I sin konklusjon skriv direktoratet at dei har ingen opplysningar om fiskeri- eller akvakulturinteresser i området.</p>	<p>krav om at ved søknad om løyve til tiltak skal det dokumenterast at verksemda ikkje forureinar omgjevnaden på nokon måte. Det gjeld vedlikehald av båtar og utstyr (maling, bunnsmøring, oljeprodukt, blybatteri, m.m.) og at båtoppsett på land for slik vedlikehald etablerast med tett oppsamling for avvirka material frå spyling og skraping/pussing.</p> <p>Det er vidare sett krav i føresegner til at det innanfor f_VS1 skal det etablerast tømestasjon for båttoalett og vaskestasjon. Vaskestasjonen skal ha lukka vass-system og oppsamlingskummar for miljøfarleg stoff. Det tillatast ikkje større reparasjonar som t.d. sandblåsing innanfor VS1.</p>
5	29.01.2016 Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	<p>Deler av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred. Dersom det er gjort fagkyndige vurderingar av skredfare i området som konkluderer med at skredfaren ikkje reell, ber vi om at den aktuelle rapporten vert vedlagt ved offentleg ettersyn av reguleringsplanen.</p>	<p>Skredrapport utarbeidd av Norconsult, datert 26.03.2015, er lagt ved planen. Rapporten konkluderer med at det ikkje er skredfare i planområdet. I etterkant av motteke brev frå NVE har nemnte rapport blitt oversendt sakshandsamar Otnes og vi har fått tilbakemelding på at rapporten er vurdert til å ta stilling til spørsmålet om skredfare for heile planområdet (jf. epost frå Otnes, datert 20.10.2016).</p>
6	02.02.2016 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	<p>Fylkesmannen (FM) viser til skrivet «Fylkesmannen sine merknader til oppstart av reguleringsarbeid».</p> <p>Vidare har FM følgjande kommentarar til oppstartvarselet (oppsummert): Natur og miljø: Viktig at arealbruken vert vurdert opp mot endringar i areal- og miljøpolitikken, ny kunnskap om naturmangfald m.v. Utbygging i strandsona bør primært avgrensast til tiltak og føremål med sjøretta funksjon, og i alle fall til tiltak og føremål som er i samsvar med overordna plan. FM rår konkret til å finne alternativ plassering av parkeringsareal og lagerområde, i staden for på fylling i sjø. Også ved planlegging av maritim næring, rår vi til å avgrense nedbygginga av strandlinje og utfylling i sjøen. Det bør leggest vekt på å finne løysingar som minimerer utfyllingane i sjøen til det som er høgst nødvendig, og om å legge vekt på god/ordna avslutning i fyllingskantar. Så langt som råd bør ein størst mogleg grad unngå å fylla ut/mudre i grunne delar av vika, sidan slike grunner i sjø</p>	<p>Merknad er delvis teken til følgje.</p> <p>Tema i skrivet FM viser til vil bli dekkja i planomtale og ROS-analysen. Tiltak vil bli vurdert opp mot naturmangfaldlova, samt andre tema, med bakgrunn i eksisterande data.</p> <p>Eigedomen til tiltakshavar grensar til kommunal veg i sør. For å kunne realisere ønska tiltak i dette området, er det naudsynt å fylla i sjø og vil med dette medføre til inngrep i funksjonell strandsona. Det er ingen aktuelle alternative lokaliseringar for parkeringsareal og lagerområde, men fylling sjø er eit kostbart tiltak og vil medføre til store terrenginngrep. Med omsyn til både økonomi og natur, er fylling lagt langs vika og utnyttingsgraden på byggeområda høg. Fylling i sjø er òg avgrensa for å sikre godt nok trafikkareal i sjø i samband med småbåtanlegg. Det er sett krav i føresegner til avslutning i fyllingskantar.</p> <p>Tiltak planen opnar for er delvis i samsvar med overordna plan.</p>

		<p>generelt er viktig for biologisk produksjon og mangfald, og ofte fungerer som beiteområde for fisk og fugl.</p> <p>Har ikkje merknader til planarbeidet ut frå landbruksfaglege omsyn.</p>	<p>Tiltak vil føre til utfylling av grunne delar av vika, som kan gje konsekvensar for beitande fugl og fisk. Men det er ikkje gjort registreringar i området som viser at dette området er viktig for biologisk mangfald.</p>
--	--	---	--